

## Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 06.10.2021

**Jenny Følling (Sp)** sette på vegner av Sp, A, Frp, H, MDG, SV og KrF fram slikt forslag:

«Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om å få sjå utrekning av dei normerte ferjekostnadene for berekning av ferjeavløysingsmidlar til Atløysambandet. Kven delte sambandet opp og kvifor er Fure tatt ut. Vidare ynskjer utvalet innsyn i grunnlaget for berekningane, samt dei faktiske kostnadene med å drifte ferjesambanda Askvoll-Gjervik-Fure og Askvoll-Værlandet, og korleis sambanda i Askvoll kan driftast etter bru til Atløy.»

### **Avrøysting**

Følling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Hovudutval for samferdsel og mobilitet ber om å få sjå utrekning av dei normerte ferjekostnadene for berekning av ferjeavløysingsmidlar til Atløysambandet. Kven delte sambandet opp og kvifor er Fure tatt ut. Vidare ynskjer utvalet innsyn i grunnlaget for berekningane, samt dei faktiske kostnadene med å drifte ferjesambanda Askvoll-Gjervik-Fure og Askvoll-Værlandet, og korleis sambanda i Askvoll kan driftast etter bru til Atløy.